

Protokoll frå årsmøte for Lunde og Flåbygd sokn i Lunde kyrkje

Dato: 07.04.24

Årsmøtet blei gjort kjent gjennom kunngjøringer under gudstjenester og informasjon på menighetens heimeside.

Årsmelding og regnskap blei på førehand kopiert opp og lagt ut i kyrkja til gjennomlesing. Møtet blei heldt i Lunde kyrkje etter gudsteneste.

Tilstade: 25 personer

Sak 1/24: Val av møteleiar.

Vedtak: Stian Holte blei valt til møteleiar.

Sak 2/24: Val av referent.

Vedtak: Marie Helene Førland Nordli blei valt til referent.

Sak 3/24: Val av to personer til å underskrive protokollen.

Vedtak: Mona Halsvik og Hilde Roksund blei valt til å underskrive protokollen.

Sak 4/24: Godkjenning av innkallinga til årsmøtet.

Vedtak: Innkallinga til årsmøtet vart godkjent.

Sak 5/24: Godkjenning av årsmelding for Lunde og Flåbygd sokn 2023.

Vedtak: Årsmeldinga for Lunde og Flåbygd sokn vart godkjent.

Sak 6/24: Godkjenning av årsrekneskap for Lunde og Flåbygd sokn 2023.

Under gjennomgang av rekneskapet frå soknerådet, blei det sett fram ønske om at det også blir lagt fram budsjett saman med resultat. Dette for at årsmeldinga skal gjere greie for beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen.

Det kom også innspel frå salen om at me ser på mulige høve til å søke økonomiske bidrag gjennom blant anna støtteordningar og tilskotsordningar.

Under gjennomgang av rekneskapet for Solhaug menighetshus, blei det kommentert at Solhaug er heilt avhengig av leigeinntekter, også leigeinntekter på leiligheten i 2. etg.

Vedtak: Årsrekneskapen for Lunde og Flåbygd sokn vart godkjent.

Sak 7/24: Eventuelt.

På slutten av årsmøtet, ba Leif Raustøl om ordet. Han takka kyrkjeverje og sokneråd for at det blei «stelt godt med husa». Han var også opptatt av korleis me kan få fleire til gudsteneste. Han takka alle som gjer ein innsats, soknerådet og alle andre som gjer frivillig teneste.

Årsmøtets varighet: ca. 1 time.

Lunde, 07.04.24

Referent: Marie Helene Førland Nordli

Månattalsvik

Silde Røssund